



Møtebok for Kommunestyret

Møtedato: 24.02.2016
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 15:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
John Torsvik	H	Medlem
Atle Nordland	H, møtte til sak 1,2,6,7,8,9,11,12)	Medlem
Lene Hansen Kvamsdal	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	Medlem
Jon Hope	Krf	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Dåe	Sp	Medlem
Egil Kvingedal	V	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Bjarte Andvik	H	Medlem
Wenke Fredheim Ekren	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Jolaug Haugsvær	H	Bjarte Andvik
Astrid Daae Kristiansen	H	Wenke Fredheim Ekren

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass rådmann Sveinung Toft og konsulent Maud Sleire Holmaas som førte møteboka.

Helse- og omsorgsleiar Helga Ellingsen møtte til sak 003/2016 og oppvekstleiar Alf Strand møtte til sak 012/2016.

Jon Hope (KrF) stilte spørsmål om det vart gjennomført norskopplæring for innvandrar på nynorsk. Ordførar svara at bøkene som vert nytta i dette arbeidet ikkje er utarbeidd på nynorsk. Representanten Hope bad då om at dette vart tatt opp som sak i neste kommunestyremøte.

John Torsvik (H) bad om at formannskapssak 013/2016 *Søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan i sjø – utviding av AK6 til oppdrett tareproduksjon* vart meldt opp til neste kommunestyremøte. Det vart røysta over dette forslaget. Forlaget frå Torsvik vart vedteke mot 6 røyster (KrF (2), V (1), Sp (2) og Ap (1)).

Sakliste

Saknr	Tittel	
001/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 04
002/2016	Godkjenning av møtebok	S. 05
003/2016	Folkehelseoversikt Masfjorden kommune 2015	S. 06
004/2016	Høyring - interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland	s. 09
010/2016	Framlegg til reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt	s. 12
005/2016	Unntaksregel for vidareføring av eksisterande sals- og skjenkeløyver i fire nye år	s. 16
006/2016	Val av høyringsform – kommunereform	s. 19
007/2016	Skatteårsrapport 2015	s. 24
008/2016	Delegerte saker	s. 27
004/2015	Søknad om fornya konsesjon	s. 28
009/2016	Referatsak	s. 29
011/2016	Forslag til nytt inntektssystem - høyringsuttale frå Masfjorden kommune	s. 31
012/2016	Val av representat og vararepresentant til styret i Museum Vest	s. 44

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		16/20

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 001/2016

KS - behandling:

Ei ny sak vert lagt fram i møtet: Val av representant og vararepresentant til styret i Museum Vest.

Ragnvald Tangedal og Siri T. Kratzmeier vart valt til å skrive under møteboka.

Framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		16/20

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Journalposttittel

Protokoll - Kommunestyret - 10.12.2015

Dato

14.12.2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 002/2016

KS - behandling:

Framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FA - G00	14/842

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016
003/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Folkehelseoversikt Masfjorden kommune 2015

Vedlegg:

Journalposttittel
Folkehelseovers

Dato
09.02.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmann tilrår at folkehelseoversikt blir tatt til vitring.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen skal utarbeide eit samla oversiktsdokument kvart fjerde år som skal ligge til grunn for det langsiktige folkehelsearbeidet, jf. Forskrift om folkehelse §5. Oversiktsdokumentet skal ligge føre ved oppstart av arbeid med planstrategi etter plan- og bygningslova § 7-1 og § 10-1.

Oversiktsdokumentet skal vere allment tilgjengeleg slik at frivillige organisasjonar og befolkninga får tilgang til informasjon som grunnlag for å medverke i beslutningsprosessar som har betydning for folkehelsa jf. Forskrift om oversikt over folkehelse § 8.

Oversikten skal identifisere folkehelseutfordringar og ressursar. I tillegg skal den innehalde faglege vurderingar av årsaksforhold og konsekvensar. Kommunen skal særleg vere merksam på trekk og utvikling som kan skape eller oppretthalde sosial og helsemessige problem, eller sosial helseforskjellar.

Vurdering:

Folkehelsearbeid er eit stort område som påverkar alle tenestene og heile lokalsamfunnet. I 2014 vart fyrste utgåve av folkehelseoversikt godkjent i kommunestyre, men dette var ikkje eit systematisk og samla oversiktsdokument.

I 2016 skal kommunestyret vedta ny planstrategi for dei neste fire åra, og i den forbinding skal det utarbeidast eit oversiktsdokument for folkehelse. Rådmann sette ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe i 2015 som har utarbeida dette oversiktsdokumentet.

Arbeidsgruppa har bestått av;

Helga Irene Ellingsen	- Folkehelsekoordinator, leiar for helse, omsorg og sosial
Anne Kristin Rafoss	- Rådgjevar
Marta Midtbø	- Helsesøster
Inger Marie Duesund	- Styrar barnehage
Alf Strand	- Leiar oppvekst
Rolf Tande	- Kommuneoverlege

I forskrift om oversikt over folkehelse § 3 er det eit krav at oversikta skal omfatte opplysningar og vurderingar av:

- Befolkningsmansetning: Innbyggjar tal, alders- og kjønnsfordeling, sivilstatus, etnisitet, flyttemønster.
- Oppvekst – og levekårforhold: Økonomiske vilkår (andel med høg – og låg inntekt, inntektsforskjellar), bu – og arbeidsforhold (tilknytning til arbeidslivet, sjukefråvær, uføretrygd), og utdanningsforhold (andel med høgare utdanning, fråfall i vidaregåande skule)
- Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø: Drikkevatn – og luftkvalitet, nærmiljø, tilgang til fri- og friluftsområder, sykkelvegnett, antal støyplager, oversikt over smittsame sjukdomar, organisasjonsdeltaking, valdeltaking, kulturtilbod, sosiale møteplassar.
- Skade og ulykker
- Helserelatert åtferd: Fysisk aktivitet, ernæring, bruk av tobakk og rusmiddel, risikoåtferd som kan gi utslag i skader og ulykker
- Helsetilstand: Informasjon om førekomst av sjukdomar der førebygging er viktige som psykisk lidingar, hjerte – karsjukdomar, type 2- diabetes, kreft, kroniske smerte og belastningssjukdomar, karies.

Arbeidsgruppa har hatt regelmessige møter i løpet av 2015, der ein har utarbeida statistikk, vurdert og sett på årsaksfaktorar. Det har ikkje vore arrangert folkemøte i forbindelse med dette dokumentet, fordi dette skal vere in oversikti over folkehelse og ikkje ein folkehelseplan. Oversiktsdokumentet skal vere basert på fakta og fagleg kunnskap, og arbeidsgruppa har henta dette frå:

- Opplysningar som statlege helsemyndigheiter og fylkeskommunen gjer tilgjengeleg
- Kunnskap frå dei kommunale helse – og omsorgstenestene
- Kunnskap som faktorar og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innverknad på befolkninga si helse

Arbeidsgruppa har arrangert eit møte med ungdomsskuleelvane i samband med ei MOT samling (20.11.15). På dette møte informerte ein om folkehelse, og fekk tilbakemeldingar frå ungdomen som ein også har nytta i utarbeiding av dette dokumentet. Ungdomane gjennomførte ei anonym undersøking om kosthold og levevanar. Dette for at kommunen skulle få kunnskap som kunne brukast i oversiktsdokumentet.

I det vidare arbeid med å halde jamleg oversikt på folkehelse må kommunen å vurdere om ein skal ta i bruk meir systematiske kartleggingsverktøy, som «ung data», brukarundersøkingar, levekårsundersøking m.m.

Folkehelseoversikt er eit stort dokument. Det vil heilt sikkert vere noko som manglar, eller noko meir

som skulle vore med. Dette dokumentet skal vere eit «levande» oversiktsdokument. Det vil sei at kommunen må oppdatere statistikk og andre moment etter kvart som det blir tilgjengeleg, slik at ein jamleg kan fylgje folkehelseutviklinga .

I det vidare arbeidet med folkehelse i kommunen vil arbeidsgruppa føreslå at det IKKJE vert oppretta eigen folkehelseplan, men at folkehelse blir innarbeida og vurdert i alt kommunalt planarbeid.

Konklusjon:

Rådmann tilrår at folkehelseoversikt blir tatt til vitring.

Formannskapet - 014/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Folkehelseoversikt vert tatt til vitring.

Kommunestyret - 003/2016

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte kort.

Saka vart drøfta.

Helse- og omsorgsleiar Helga Ellingsen møtte til denne saka, ho kommenterte innlegg og svara på spørsmål.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke (16 røyster).

KS - vedtak:

Folkehelseoversikt vert tatt til vitring.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 131, FA - U01	15/478

Saknr	Utval	Type	Dato
020/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016
004/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Høyring - interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Interkommunal næ	09.02.2016
Faktagrunnlag ti	09.02.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til den interkommunale nærings- og samfunnsplanen for region Nordhordland. Minner om tidlegare uttale, og at alle desse forholda må inngå.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Regionrådet i Nordhordland gjorde 25.01.2013 vedtak om å starte arbeidet med ein interkommunal nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland.

Føremålet med nærings- og samfunnsplanen er å førebu Region Nordhordland på auka vekst i folketal og framtidige endringar i næringsliv. Nærings- og samfunnsplanen er ein plan for kommunane i Nordhordland og for Nordhordland utviklingsselskap (NUI). Mål, strategiar og handlingspunkt skal leggjast til grunn for kommunane sitt arbeid med å leggje tilrette for næringsutvikling.

Vurdering

Den interkommunale nærings- og samfunnsplanen har vorte til gjennom ein brei og inkluderande prosess, er kortfatta og handlingsorientert, og meiner kommunen kan slutte seg til planen og bruke den m.a. i samband med rullering av eigen strategisk næringsplan som må skje i løpet av denne valperioden.

Uttale

Planen har vore på høyring i kommunane tidlegare og, og Masfjorden ga følgjande uttale då;

Fra: Svein Helge Hofslundsengen
Til: Kari E Natland
Kopi:
Emne: 063/2015 Innspel til nærings- og samfunnsplan Nordhordland

Melding strategisk næringsplan.pdf (728 kB)

Masfjorden kommune har m.a. hatt planen oppe som sak i formannskapet, sak 73/15 den 9.juni, og har følgende innspel til førebels nærings- og samfunnsplan Nordhordland;

Under side 14, infrastruktur må Masfjordsambandet/bru over Masfjorden inn som del av handlingsplan 2016-17, ansvar Masfjorden kommune, regionrådet, Hordaland fylkeskommune.
Dette er eit sentralt og viktig prosjekt i den nordre del av regionen. Prosjektet er realiserbart i aktuelle planperiode, og sentrale avgjerd må finne stad i 2015-17.

Under side 7, forhold til andre planar ønskjer vi å vise til eigen strategisk næringsplan (sjå vedlegg) – som har ein del forhold som kan trekkast fram i ein regional plan og.

Høyring

Nordhordland Utviklingsselskap IKS vil oppmode alle høyringspartar til å nytte høve til å gje uttale til planen. Desse vil danne grunnlaget for den endelege nærings- og samfunnsplanen som er tenkt vedteke av Regionrådet i mars/april 2016.

Faktagrnnlaget som ligg ved strategidokumentet vart utarbeidd for, og vart nytta i, prosessarbeidet til planen.

Høyringsuttale sendast på e-post til post@nordhordland.net
Fristen er sett til 15. februar 2016.

Frist forlenga til 25.februar

Fakta

viser til sakstilfang

Konklusjon

Masfjorden kommune sluttar seg til den interkommunale nærings- og samfunnsplanen for region Nordhordland. Minner om tidlegare uttale, og at alle desse forholda bør inngå, og evt. politiske innspel vert tilført som tilleggsuttale til planen

Formannskapet - 020/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til den interkommunale nærings- og samfunnsplanen for region

Nordhordland. Minner om tidlegare uttale, og at alle desse forholda må inngå.

Kommunestyret - 004/2016

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke (16 røyster).

KS - vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til den interkommunale nærings- og samfunnsplanen for region Nordhordland. Minner om tidlegare uttale, og at alle desse forholda må inngå.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - L12	15/308

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016
010/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Framlegg til reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Fråsegn til høyr	25.01.2016
Uttale til offentleg ettersyn av reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt	19.01.2016
Masfjorden kommune Hordaland - Reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt - offentleg ettersyn - uttale	30.12.2015
Reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt - Offentleg ettersyn - Masfjorden kommune sendt fra Statens vegvesen	27.01.2016
Offentleg ettersyn reguleringsplan	16.12.2015
Reguleringsplan	17.11.2015
Illustrasjonspla	17.11.2015
Føresegner 29.01.2016	28.01.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12.

Det vert vist til plankart dagsett 13.11.2015 og føresegner dagsett 29.01.2016.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Formannskapet gjorde i møte 01.12.2015, sak 139/2015, vedtak om å leggje reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10. Planframlegget gjeld eit område på 13,5 dekar. Hovudføremålet med planen er å regulera inn fem tomter for frittliggjande bustader med tilhøyrande tilkomstveg, leik og grønstruktur m.v.

Reguleringsplanen har vore til offentleg ettersyn frå 11. desember 2015 til 23. januar 2016 og det ligg no føre følgjande merknader til planframlegget, som vert kort referert og deretter vurdert av rådmannen (kursivtekst):

1. **Brev frå NVE av 16.12.2015**, som skriv at dei ikkje har merknad til planframlegget.

Rådmannen tek dette til orientering.

2. **Brev frå Fiskeridirektoratet av 29.12.2015**, som skriv følgjande:

Fiskeridirektoratet region vest gjer merksam på at det er registrert gyteområde og låssettingsplass i tilgrensande sjøområde. I illustrasjonsskissa er det teikna inn 'felles landingsbryggje'. Kart til reguleringsplanen syner ikkje regulering for småbåthamn/kai/bryggje eller anna regulering i sjøområde. Vi føreset derfor at landingsbryggje ikkje inngår i planen, og vi kan såleis ikkje sjå at planframlegget vil få nemneverdig konsekvensar for arealbruk knytt til fiske. Eventuell framtidig søknad om utlegging av flytebryggje, etablering av kai skal sendast til Fiskeridirektoratet region vest for uttale.

Rådmannen tek dette til orientering.

3. **Brev frå Fylkesmannen i Hordaland av 18.01.2016**, som mellom anna skriv følgjande:

Dei viser til at dei tidlegare har stilt spørsmål til kommunen om det var rett å regulera eit LNF-område innanfor den funksjonelle strandsona til bustadføremaal, og har no fått forståing for at dette vert gjort sidan det er vanskeleg å få realisert det store byggeområdet som vart lagt ut i arealdelen vest for Hosteland. Fylkesmannen skriv vidare at: « *Reguleringsplanen inneber ei utviding av eit eksisterande bustadfelt og Fylkesmannen vurderer verknaden på landskap til å vere akseptabel. Tomtane er trekt noko vekk frå sjøen og det er regulert inn grønstruktur ned til sjøen slik at tilgangen til strandsona er sikra.* » Vidare meiner Fylkesmannen at det må stillast rekkjefølgjekrav om opparbeiding av leikeplassen i planområdet, slik at denne er på plass før bustadane vert teke i bruk. Tilkomsten til leikeplassen må og markerast i kartet skriv dei.

Rådmannen har vurdert merknaden frå Fylkesmannen og forstår ønsket om at det bør stillast rekkjefølgjekrav om opparbeiding av leikeplassen før bustadane vert teke i bruk. Ein rår difor til at dette ønsket kjem inn i eigen setning i føresegnene under rekkjefølgjekrav. Ønsket om å markera tilkomsten på plankartet har og rådmannen forståing for, og rår til at tilkomsten vert markert med stipla linje på endeleg plankart som vert laga etter at kommunestyret har slutthandsama reguleringsplanen.

4. **Brev frå Hordaland fylkeskommune dagsett 22.01.2016**, som innleiingsvis skriv at dei er kritiske til at det vert utarbeida detaljreguleringsplanar som ikkje er i samsvar med overordna planar. Vidare skriv dei at planlegging av nye bustadområde bør skje nær senterområde, ha god tilkomst og frekvens for kollektivtrafikk og gode tilbod for mjuke trafikantar. Hordaland fylkeskommune rår får planen grunna omsynet til samordna areal og transport og trafikktryggleik. Vidare skriv dei at: « *Planområdet ligg i den funksjonelle strandsona som var satt i kommuneplanen frå 2012. Planområdet er også omfatta av det regionale friluftsområdet Herøyosen som registrert med regionalt viktige strandsoneverdiar. I planen vert det gjort ein ny landskapsvurdering der det vert konkludert med at det ikkje særlege interessekonfliktar knytt til landbruk, naturmangfald, friluftsliv eller kulturminne. I planen som ligg føre vert dei nye bustader liggande tett inntil sjøkanten. Hordland fylkeskommune er kritisk til lokaliseringa av bustadområda BFS2 og BFS3 som ligg på ei lågare nivå og tettare inntil sjøen enn eksisterande bustader. Ein skrent i forkant av dei nye bustadene vil likevel sikre at det ikkje vert direkte kontakt mellom den nye bustadene og sjøareala. Vi ber om at det vert teke særleg omsyn til landskapstilpassing og tilgjenge for allmenta i desse områda og ber om at føresegnene sikrar vegetasjon og grøntstruktur mot sjøen.* »

Dei ber deretter om at leikeplassen får rekkjefølgjekrav, viser vidare til at myr er ein trua naturtype, og at området ikkje har særleg potensial for freda kulturminne. Til slutt i brevet skriv dei at Hordaland fylkeskommune rår i frå forslag til reguleringsplan ut i frå omsynet til areal og transport og barn og unge sine interesser, og at dei har merknader

til planforslaget når det gjeld strandsone og leikeareal.

Rådmannen har vurdert merknadane frå Hordaland fylkeskommune og forstår at dei er kritisk til at det vert utarbeidd reguleringsplan som er i strid med overordna plan. Samstundes vil ein visa til at Fylkesmannen har uttrykt forståing for kvifor dette vart gjort, og at Masfjorden kommune sine argument for å laga eit mindre bustadfelt på denne plassen difor kan reknast som legitime. Fylkeskommunen sine argument om at bustadfelt bør leggjast der det er gode kollektivtilbod og gode kvalitetar for mjuke trafikantar har ein og forståing for, og ein er samd i at dette bør gjelda for alle nye større bustadfelt. Dette feltet er eit mindre felt med berre fem bustadtomter, og lokaliseringsfaktor nr. 1 er her at det vert lagt inn til eksisterande infrastruktur. Det gjer at desse tomtene kan utviklast på ein kostnadseffektiv måte, samt at etablerarane her kan integrerast i det eksisterande bustadmiljøet som ligg heilt inntil. Masfjorden kommune meiner at desse argumenta kjem klart fram i planskildringa til planen, og vel å vektleggja desse momenta meir enn det fylkeskommunen gjer. Ut frå dette rår ein til at kommunestyret tek merknadane til fylkeskommunen til etterretning, og at reguleringsplanen vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12.

5. **Brev frå Statens Vegvesen dagsett 15.01.2016**, som skriv at bustadfeltet er lokalisert langs kommunal veg, og at det difor er kommunen som har ansvaret for tilstrekkeleg trafikktryggleik. Ut over dette har dei ikkje merknader til planframlegget.

Rådmannen tek merknaden til orientering.

Vurdering

Rådmannen viser til vurderingane som er gjort ovanfor, og rår til at reguleringsplanen vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12. På endeleg plankart skal det teiknast inn tilkomst til leikearealet, og ein rår til at føresegnene får eigen formulering som sikrar at leikeplassen vert opparbeidd før bustadane vert teke i bruk. Det vert difor lagt ved reviderte føresegner dagsett 29.01.2016.

Konklusjon

Rådmannen viser til vurderingane som er gjort ovanfor, og rår til at reguleringsplanen vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12.

Formannskapet - 017/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12.

Det vert vist til plankart dagsett 13.11.2015 og føresegner dagsett 29.01.2016.

Kommunestyret - 010/2016

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke (16 røyster).

KS - vedtak:

Reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12.

Det vert vist til plankart dagsett 13.11.2015 og føresegner dagsett 29.01.2016.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Frode Vee-Haugen	FA - U60	16/128

Saknr	Utval	Type	Dato
022/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016
005/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Unntaksregel for vidareføring av eksisterande sals- og skjenkeløyver i fire nye år

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune går inn for å halde fram med noverande ordning der sals- og skjenkestader må søke om nytt løyve for ein ny 4-årsperiode.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Alkohollova er endra slik at kommunale sals- og skjenkeløyver ikkje må gå ut etter fire år , som i dag, jf. alkohollova § 1-6.

Fakta

Det er innført ein unntaksregel i alkohollova som gjev kommunane høve til, etter eit kommuneval, å vedta at alle eller einskilde løyver kan vidareførast i inntil fire nye år utan krav om søknad om nytt løyve. Ein føresetnad for å gjera eit slikt vedtak er ein gjennomgang av alkoholpolitikken etter kommunevalet. Endringa gjeld frå og med 1. januar 2016 som eit nytt punkt i alkohollova, jf alkohollova § 1-6, 3. og 4. ledd:

«Kommunen kan beslutte at bevillinger etter første og annet ledd likevel ikke skal opphøre, men gjelde vidare for en ny periode på inntil fire år med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Kommunen kan beslutte at ingen bevillinger skal opphøre eller fastsette nærmere retningslinjer for hvilke bevillinger det må søkes om fornyelse for. Ved fastsettelse av disse retningslinjene kan kommunen legge vekt på de samme forhold som ved behandling av ny søknad, jf. § 1-7a. I stedet for krav om fornyelse kan kommunen endre eller fastsette nye vilkår for bevillinger i samme utstrekning som ved behandling av ny bevilling, jf. §§ 3-2 og 4-3.

Beslutninger etter tredje ledd kan bare fattes dersom kommunen etter kommunevalget har foretatt en gjennomgang av alkoholpolitikken i kommunen, herunder vurdert bevillingspolitikken.»

Saka har vore drøfta i siste møte i kontaktutvalet for sals- og skjenkekontrollen.

Vurdering

I noverande lovgjeving er det eit krav om at før kommunestyret avgjer søknaden, skal det hentast inn uttale frå sosialtenesta og politiet. I tillegg kan det også hentast inn uttale frå skatte- og avgiftstenesta, jf. alkohollova § 1-7, 2. ledd.

I tillegg er det også eit krav om at løyvehavar og personar som har vesentleg innverknad på verksemda, må ha vist ein uklanderleg vandel i høve til alkoholovgjevinga og reglar i annan

lovgjeving som har samanheng med formålet til alkohollova, jf § 1-7b.

Med ei slik ordning med vidareføring av løyve utan krav om nytt løyve så vil det blir vanskelegare for kommunen å få oversikt over endringar i verksemda samt innhente opplysningar som oppfyller noverande krav til søknaden.

Viss kommunen likevel ser det som formålstenleg å oppfylle noverande krav til vandel og uttale frå politi, sosialtenesta og skatte og avgiftsmyndigheitene så må kommunen likevel hente desse opplysningane i samband med fornying av løyvet utan søknad. Det kan føre til meirarbeid om kommune sjølv aktivt må overvake at verksemda oppfyller lovkrava, eller enda risikere at dette blir oversett. Den beste måten å få oversikt over endringar i verksemda og oppfylling av regelverket elles er likevel ved å innlevere søknad.

Kommunestyret må uansett ta ein gjennomgang av alkohol- og løyvepolitikken ved handsaming og revisjon av alkoholpolitisk handlingsplan for neste periode.

Rådmannen tilrår difor at ordninga med søknad for oppattnying av løyva vert oppretthalde både for salsløyve og skjenkeløyve.

Konklusjon

Masfjorden kommune går inn for å oppretthalde eksisterande ordning med søknad for oppattnying alle løyver for ein ny 4-års periode.

Formannskapet - 022/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune går inn for å halde fram med noverande ordning der sals- og skjenkestader må søke om nytt løyve for ein ny 4-årsperiode.

Kommunestyret - 005/2016

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke (16 røyster).

KS - vedtak:

Masfjorden kommune går inn for å halde fram med noverande ordning der sals- og skjenkestader må søke om nytt løyve for ein ny 4-årsperiode.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 024, FE - 002	15/30

Saknr	Utval	Type	Dato
027/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016
006/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Val av høyringsform - kommunereform

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert halde rådgjevande folkeavrøysting i spørsmålet om Masfjorden skal slå seg saman med andre kommunar.
2. Folkeavrøystinga vert halden måndag 23. mai 2016.
3. Valstyret/rådmannen får ansvar for den praktiske gjennomføringa av folkeavrøystinga.
4. Røysteretten føl vilkåra for røysterett ved fylkestingsval og kommunestyreval (vallova § 2-2, (1) og (2)). I tillegg har alle som fyller 16 år i løpet av valåret (født i 2000) røysterett så langt dei fyller dei andre vilkåra. Skjæringsdato for borgarar frå anna nordisk land vert sett til 01.01.2016. For å kunne gi røyst må veljaren vere innført i manntalet i Masfjorden kommune.
5. Det skal innhentast manntal som inneheld alle med røysterett pr. 01.01.2016.
6. Det vert delegert til valstyre/rådmann å syte for utsending av valkort og utlegging av manntall i samsvar med vallova § 2-6 og handsame krav om retting i samsvar med vallova §§ 2-7 og 2-8.
7. Valstyret vert delegert mynde til å avgjere endelig utforming av røystesetlar.
8. Det skal leggjast til rette for å førehandsrøyste i perioden 9.05.2016 til 20.05.2016. Førehandsrøystinga følgjer reglane i vallova så lagt det er praktisk mogleg. Rådmannen oppnemner røystemottakarar og legg til rette for førehandsrøysting
9. Valstyret vert delegert fullmakt til å utarbeide prosedyre for postrøysting i same periode som det er opna for førehandsrøysting.
10. Valstyret avgjer kor røystegjevinga på valdagen skal føregå, fastset tider for røystinga og oppnemner røystestyre.
11. Reglane i kapittel 10 i vallova om godkjenning av røystesetlar, oppteljing og protokoll vert lagt til grunn så langt det er relevant.
12. Valstyret utarbeidar prosedyre for å handsame eventuell klage på røystinga, under dette avklare eksternt klageorgan.

Saksopplysningar:


Bakgrunn

Kommunane er pålagt å utgreie kommunestruktur og Kommunestyret må innan 30. juni 2016 gjere eit vedtak om ein går inn for kommunesamanslåing.

Masfjorden kommune har lagt til grunn 3 utgreiingsalternativ (Kommunestyresak 40/2015, 30.april)

- halde fram som eigen kommune,
- Nordhordland (alle eller deler av noverande kommunar i regionen)
- Masfjorden, Gulen, og (alt. Solund - Høyanger sør – Modalen)

Tidsramme for arbeidet inneber at kommunane må gjere ei endeleg avgjerd innan mai/juni 2016. Stortingshandsaming av ny kommunestruktur skal etter planen skje innan 1.halvår 2017, og ein legg legg til grunn at samanslåingane vil setjast i verk seinast frå 1. januar 2020.



Inndelingslova § 10 seier at innbyggjarane bør høyrast før Kommunestyret gjer vedtak om eventuell samanslåing.

§ 10. Innbyggjarhøyring

Kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseending. Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte.

Fylkesmannen i Hordaland har laga eit notat om rådgjevande folkerøysting i samband med kommunereforma. Konklusjonen i notatet er:

«Kommunane er ansvarleg for gjennomføringa av ei lokal folkerøysting, og står i prinsippet fritt til å organisere korleis den skal gjennomførast. Det kan likevel vere naturleg å bygge på prinsippa for kommuneval i vallova for å sikre ei forsvarleg gjennomføring.»

Kommunestyret må sjølv gjera vedtak om å leggje ei sak ut til rådgjevande folkerøysting. Styringsgruppa for kommunereform (utvida formannskap) har tilrådd denne høyringsforma. Ein reknar med at det kjem på plass intensjonsavtalar for dei 2 utgreiingsalternativa som ein forhandlar om i slutten av februar/starten av mars. Godkjenning av intensjonsavtalane legg ein opp til i formansnaks møte i mars og ekstra Kommunestyremøte i mars. I Kommunestyremøte i april spissar ein grunnlaget til ein intensjonsavtale og halde fram som eigen kommune som grunnlaget for folkeavrøysting. Folkeavrøysting i mai, og endeleg avgjerd i Kommunestyremøte 22.juni 2016.

Det er berre høve til å halde rådgjevande folkerøystingar, og resultatet vil ikkje vera bindande for representantane i kommunestyra sine stemmegjevingar.

Det store rommet for lokal utforming av folkerøystingar gjer at mange moment ved gjennomføringa må vedtakast lokalt. Desse prinsippa bør òg bli vedteke av kommunestyret sjølv.

Lovgrunnlaget for å halde lokale folkeavrøystingar er Kommuneleova § 39b, som lyder:

1. Kommunestyret eller fylkestinget kan selv bestemme at det skal avholdes rådgivende lokale folkeavstemninger.

2. Kommunene og fylkeskommunene plikter å rapportere de opplysninger som departementet finner er nødvendig for å offentliggjøre informasjon om lokale folkeavstemninger.

Ut over dette er lokale folkeavrøystingar ikkje nemnt i andre lover. Det er heller ikkje omtala,

heller ikkje i vallova som regulerer korleis val til Storting og kommunestyre/fylkesting skal gjennomførast, og kven som skal få stemme. I prinsippet står difor kommunen fritt til å bestemme både gjennomføring og manntal sjølv.

Samstundes har Norge tiltrått internasjonale avtalar som mellom anna Europarådet sin «Code of good practice for referendum» som gir nokså klare rammer når det gjeld tilhøve som at val skal vere hemmelige, at det skal vere allmenn stemmerett, at prosessane rundt valet skal vere slik at ein har tillit til resultatet m.m. Det kan difor vere praktisk å ta utgangspunkt i eksisterande vallovgeving når vedtaka knytt til gjennomføring av folkeavrøystinga skal fattast.

Dersom vi legg til grunn reglane i vallova skal/bør fylgjande spørsmål avgjerast av kommunestyret:

- At det skal vere folkeavrøysting
- Kva spørsmål det skal røystast over
- Valdag/valdagar
- Valstyre
- Røysterett
- Førehandsrøysting
- Brevrøysting
- Gyldig val

Fylgjande spørsmål kan kommunestyret velje å delegere

- Manntal
- Røystesetlar
- Stemmegjeving på valdagen
- Prøving av stemmegjeving og røystesetlar, oppteljing, protokollering mv.
- Klage

Vurdering

Valdag

Aktuell dato i regionen er sett til måndag 23 mai 2016. Vi rekk då endeleg handsaming i kommunestyret 22. juni.

Valstyre

Etter vallova skal det vere eit valstyre i kvar kommune som skal stå for den praktiske gjennomføringa av val til storting, fylkesting og kommunestyre. Rådmann gjer framlegg om at det ordinære valstyret får ansvar for å gjennomføre folkeavrøystinga. Ein legg opp til at folkeavrøystinga vert gjort så rasjonelt og effektivt som muleg – samt at ein opnar for at valstyret kan delegere oppgåver vidare til rådmann.

Røysterett

Rådmannen gjer framlegg om at vi legg kriteria for røysterett til kommunestyret/fylkestinget (§ 2-2 i vallova) til grunn for kven som skal ha røysterett ved folkeavrøystinga. I tillegg tilrår ein at alle personar som fyller 16 år i løpet av valåret (født i 2000) og som elles fyller vilkåra for å kunne stemme, får delta i folkeavrøystinga.

Økonomi. Kommunen får støtte med kr 100 000,- til å gjennomføre høyring i samband med spørsmålet om endringar i kommunestruktur. Som høyring reknar ein og folkeavrøysting. Om folkeavrøystinga kan gjennomførast innan for ramma på 100 000,- er vanskeleg å sei på noverande tidspunkt, men det er ikkje avgjerande for spørsmålet om folkeavrøysting.

Konklusjon

Masfjorden kommune legg opp til å gjennomføre rådgjevande folkeavrøysting i samband med kommunereforma før sak og endeleg avgjerd vert gjort av Kommunestyret, og i tråd med framlegg til vedtak.

Formannskapet - 027/2016

FS - behandling:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

1. Det vert halde rådgjevande folkeavrøysting i spørsmålet om Masfjorden skal slå seg saman med andre kommunar.
2. Folkeavrøystinga vert halden måndag 23. mai 2016.
3. Valstyret/rådmannen får ansvar for den praktiske gjennomføringa av folkeavrøystinga.
4. Røysteretten føl vilkåra for røysterett ved fylkestingsval og kommunestyreval (vallova § 2-2, (1) og (2)). I tillegg har alle som fyller 16 år i løpet av valåret (født i 2000) røysterett så langt dei fyller dei andre vilkåra. Skjæringsdato for borgarar frå anna nordisk land vert sett til 01.01.2016. For å kunne gi røyst må veljaren vere innført i manntalet i Masfjorden kommune.
5. Det skal innhentast manntal som inneheld alle med røysterett pr. 01.01.2016.
6. Det vert delegert til valstyre/rådmann å syte for utsending av valkort og utlegging av manntall i samsvar med vallova § 2-6 og handsame krav om retting i samsvar med vallova §§ 2-7 og 2-8.
7. Valstyret vert delegert mynde til å avgjere endelig utforming av røystesetlar.
8. Det skal leggjast til rette for å førehandsrøyste i perioden 9.05.2016 til 20.05.2016. Førehandsrøystinga følgjer reglane i vallova så lagt det er praktisk mogleg. Rådmannen oppnemner røystemottakarar og legg til rette for førehandsrøysting
9. Valstyret vert delegert fullmakt til å utarbeide prosedyre for postrøysting i same periode som det er opna for førehandsrøysting.
10. Valstyret avgjer kor røystegjevinga på valdagen skal føregå, fastset tider for røystinga og oppnemner røystestyre.
11. Reglane i kapittel 10 i vallova om godkjenning av røystesetlar, oppteljing og protokoll vert lagt til grunn så langt det er relevant.
12. Valstyret utarbeidar prosedyre for å handsame eventuell klage på røystinga, under dette avklare eksternt klageorgan.

KS - behandling:

Ordfører Karstein Totland gikk kort gjennom saka og rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte kort om innhaldet i framlegg til vedtak.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

1. Det vert halde rådgjevande folkeavrøysting i spørsmålet om Masfjorden skal slå seg saman med andre kommunar.
2. Folkeavrøystinga vert halden måndag 23. mai 2016.
3. Valstyret/rådmannen får ansvar for den praktiske gjennomføringa av folkeavrøystinga.
4. Røysteretten følgj vilkåra for røysterett ved fylkestingsval og kommunestyreval (vallova § 2-2, (1) og (2)). I tillegg har alle som fyller 16 år i løpet av valåret (født i 2000) røysterett så langt dei fyller dei andre vilkåra. Skjæringsdato for borgarar frå anna nordisk land vert sett til 01.01.2016. For å kunne gi røyst må veljaren vere innført i manntalet i Masfjorden kommune.
5. Det skal innhentast manntal som inneheld alle med røysterett pr. 01.01.2016.
6. Det vert delegert til valstyre/rådmann å syte for utsending av valkort og utlegging av manntall i samsvar med vallova § 2-6 og handsame krav om retting i samsvar med vallova §§ 2-7 og 2-8.
7. Valstyret vert delegert mynde til å avgjere endelig utforming av røystesetlar.
8. Det skal leggjast til rette for å førehandsrøyste i perioden 9.05.2016 til 20.05.2016. Førehandsrøystinga følgjer reglane i vallova så langt det er praktisk mogleg. Rådmannen oppnemner røystemottakarar og legg til rette for førehandsrøysting
9. Valstyret vert delegert fullmakt til å utarbeide prosedyre for postrøysting i same periode som det er opna for førehandsrøysting.
10. Valstyret avgjer kor røystegjevinga på valdagen skal føregå, fastset tider for røystinga og oppnemner røystestyre.
11. Reglane i kapittel 10 i vallova om godkjenning av røystesetlar, oppteljing og protokoll vert lagt til grunn så langt det er relevant.
12. Valstyret utarbeidar prosedyre for å handsame eventuell klage på røystinga, under dette avklare eksternt klageorgan.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 004	15/48

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2016	Formannskapet	PS	16.02.2016
007/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Skatteårsrapport 2015

Vedlegg:

Journalposttittel

Årsrapport fro 2015 frå Skatteoppkrevaren i Masfjorden kommune
Kontrollrapport 2015 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen

Dato

26.01.2016
17.02.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsrapport for 2015 frå skatteoppkrevjaren vert teken til vitring

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Skatteårsrapport 2015 frå skatteoppkrevjaren 22.januar 2016 vert lagt fram for formell godkjenning

Vurdering

Skatteinngangen til kommunen låg lenge langt over landsgjennomsnittet gjennom 2015, men justering i oktober/siste kvartal gjorde at ein ikkje fekk den store veksten året sett under eit.

AVVIKSANALYSE SKATTEINNGANG/BUDSJETT TOTALT				
	Budsjett 2015	Skatteinngang 2015	Endring i kr forhold til budsjett	Endring i % forhold til budsjett
Januar	4 900	4 909	9	0,18 %
Februar	10 186	10 693	507	4,98 %
Mars	16 486	17 513	1 027	6,23 %
April	21 686	23 275	1 589	7,33 %
Mai	28 986	31 154	2 168	7,48 %
Juni	29 286	31 366	2 080	7,10 %
Juli	33 986	36 370	2 384	7,01 %
August	34 386	36 735	2 349	6,83 %
September	41 086	43 673	2 587	6,30 %
Oktober	41 486	43 119	1 633	3,94 %
November	50 186	51 822	1 636	3,26 %
Desember	50 286	51 990	1 704	3,39 %

Fakta

Viser til årsrapport for 2015 frå skatteoppkrevjaren i Masfjorden kommune, med følgjande totale skatte- og avgiftsinngangen for rekneskapsåret;

	År 2015	År 2014	Auke/nedgang i kr	Auke/nedgang i %
Kommune	51 990 669	50 840 487	1 150 182	2,21
Stat	55 721 818	52 768 909	2 952 909	5,30
Folketrygd	58 775 221	53 676 122	5 099 099	8,68
Fylkeskommune	11 003 167	10 788 383	214 784	1,95
Totalt:	177 490 875	168 073 901	9 416 974	5,31

AVVIKSANALYSE TOTAL SKATTEINNGANG				
	2014	2015	Endring i kr forhold til skatteinng. 2014	Endring i % forhold til skatteinng. 2014
Januar	4 849	4 909	60	1,24 %
Februar	10 174	10 693	519	5,10 %
Mars	16 733	17 513	780	4,66 %
April	22 187	23 275	1 088	4,90 %
Mai	29 505	31 154	1 649	5,59 %
Juni	29 783	31 366	1 583	5,32 %
Juli	34 403	36 370	1 967	5,72 %
August	34 761	36 735	1 974	5,68 %
September	41 440	43 673	2 233	5,39 %
Oktober	41 864	43 119	1 255	3,00 %
November	50 740	51 822	1 082	2,13 %
Desember	50 838	51 990	1 152	2,27 %

Det er registrert ein merknad frå revisor, Pkt. 3.1 Restanseutviklinga

Skatteoppkrevjaren har fått tilbakemelding frå revisjonen på at det er rapporeten Berostilte krav – detaljer som skal brukast for Masfjorden.

Sum berostilte krav skal difor vera 1 713 593 (ikkje 3 447 410).

Konklusjon

Tilrår at årsrapport for 2015 frå skatteoppkrevjaren vert teken til orientering og godkjent slik den ligg føre.

Formannskapet - 023/2016

FS - behandling:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Årsrapport for 2015 frå skatteoppkrevjaren vert teken til vitring

Kommunestyret - 007/2016

KS - behandling:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Årsrapport for 2015 frå skatteoppkrevjaren vert teken til vitring

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		16/20

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Delegerte saker

Tilknytte dokument:

004/2015. Søknad om fornya konsesjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 008/2016

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - C34, HistSak - 12/729	15/891

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2015	Kommunestyret	DS	24.02.2016

Søknad om fornya konsesjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bygdekinoen får fornya konsesjon for kinoframsyingar i Solheim grendahus og Fjon grendahus fram til 31.12.2016. Løyvet kan trekkjast attende dersom løyvehavaren bryt reglar i lova eller i forskrift til lova, straffelova § 204 eller § 382 eller bryt vilkår som er sette ved tildeling av løyvet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn/ Fakta

Solheimn grendahus og Fjon grendahus har konsesjon for kinoframsyingar fram til 31.12.2015. Det er Lov om film og videogram frå 1987 som regulerer kinoframvisning. §2.2 4. ledd seier at: «Framsying og omsetning av film eller videogram i næring må ikkje skje utan løyve frå kommunestyret eller den kommunestyret har gitt fullmakt. Dette gjeld ikkje omsetning av film eller videogram for vidareomsetning. Løyvet kan givast for ein periode på opptil fem år. Løyvet kan nektast eller trekkjast attende dersom løyvehavaren bryt reglar i denne lova eller i forskrifter tild enne lova, straffelova § 204 eller § 382 eller bryt vilkår som er sette ved tildeling av løyvet. Kommunen og Medietilsynet har rett til å gjennomføre naudsynt kontroll med at den løyvepliktige verksemda blir driven i samsvar med dei reglane som gjeld. Kommunane kan fastsetje vilkår for løyve til framsyinga av film og videogram. Det kan ikkje setjast vilkår som inneber totalforbod mot framsying av film eller videogram i ein kommune.»

Vurdering

Bygdekinoen gjev eit greitt frilmtilbod til våre innbyggjarar. Oppslutnaden om kinoframsyingane varierer, men særleg for born og unge er det viktig at der er eit kinotilbod i nærmiljøet. Det er ingen grunn til at ikkje dei to spelestadene skulle få fornya konsesjon for 2016.

Kommunestyret vedtok i sak 86/09 å delegera retten til å gje konsesjon til rådmannen frå og med 2010.

Konklusjon

Bygdekinoen får fornya konsesjon for kinoframsyingar i Solheim grendahus og Fjon grendahus fram til 31.12.2016. Løyvet kan trekkjast attende dersom løyvehavaren bryt reglar i lova eller i forskrift til lova, straffelova § 204 eller § 382 eller bryt vilkår som er sette ved tildeling av løyvet.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		16/20

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Referatsak

Tilknytte dokument:

1. Vedr. ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland 2015 – 2030.
2. Spørsmål om forslag til nytt inntektssystem og kommunesamanslåing
3. Spørsmål om arbeidsgjevaravgift og ulike soner og kommunesamanslåing
4. Skatt t.o.m. november måned
5. Skatt på formue og inntekt pr 31. desember 2015
6. Protokoll Nordhordlandsting 1-2016, 28. januar.
7. Inneklimakartlegging ved Sandnes skule
8. Godkjenning av Sandnes skule
9. Takkebrev fra Redd Barna barn på flukt Bedrifter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 009/2016

KS - behandling:

Referatsaker:

- 1: Vedr. ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland 2015 – 2030.
- 2: Spørsmål om forslag til nytt inntektssystem og kommunesamanslåing
- 3: Spørsmål om arbeidsgjevaravgift og ulike soner og

kommunesamanslåing 4: Skatt t.o.m. november måned5: Skatt på formue og inntekt pr 31. desember 20156: Protokoll Nordhordlandsting 1-2016, 28. januar.7: Inneklimakartlegging ved Sandnes skule8: Godkjenning av Sandnes skule9: Takkebrev fra Redd Barna barn på flukt Bedrifter

Orienteringar:

- Ordfører Karstein Totland orienterte om status for arbeidet med Masfjordsambandet.
- Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om rekneskapen for 2015.

Drøftingar:

Sal av kommunale bustad(ar) - sal eller avvente - spørsmål frå rådmann i høve til ståande ordre om å selje bustader for å få ned bustad-/eigedomsmassen til kommunen vs. stille sal i bero i høve vedtak om mottak av flyktningar og bustadbehov, forholdet vart drøfta. Konklusjon - Kommunestyret går for sal.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 103	15/1018

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Forslag til nytt inntektssystem - høyringsuttale frå Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune har følgjande uttale til forslag nytt inntektssystem for kommunane:

Generelt

Masfjorden kommune meiner at totalverknadene av endringane i forslag til nytt inntektssystem for kommunane gir ei ueheldig omfordeling av inntekter frå distrikt og mindre kommunar til dei aller største og sentrale byområder og forsterkar sentraliseringa.

Ein meiner vidare at det er ueheldig med eit høyringsnotat som i liten grad synleggjer konsekvensar av dei ulike vurderingane/forslaga som departementet kjem med, og at for mykje fell inn under «dette vil departementet komme nærare attende til i Kommuneproposisjonen for 2017», og dette medfører at kommunane reelt ikkje har føreseielege økonomiske rammer, noko som er spesielt ueheldig i ein fase med innsjutt på kommunereformarbeidet for kommunane.

Kostnadsnøklar

- Det er viktig med føreseielege rammer for kommunane. Ei oppdatering av kostnadsnøklane kvart fjerde år meiner ein er dekkande og bør gjennomførast som ei fast norm
- Masfjorden kommune er i mot endringa som går på distrikt og avstandar, og meiner at sone- og nabokriteriet vert vekta for mykje ned, noko som har skjedd gradvis ved tidlegare endringa av inntektssystemet og.
- Kommunen har dei seinare åra opplevd ei sterk auke i utgifter til m.a. spesialundervisning, ressurskrevjande brukarar. Departementet har i lita grad å funne forklaringsfaktorar bak denne veksten. For å oppnå eit inntektssystem med full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulempar må departementet prioritera å identifisera statistisk forklaringsfaktorar for alle kostnadsnøklane.
- Masfjorden er ueinig i departementet sin argumentasjon for å utelata kommunale vegar frå utgiftsutjamninga. Dei kommunale vegane er ein viktig del av infrastrukturen i landet og opne vegar året rundt er viktig for å sikra velferdstenestene, livskvalitet og tryggleiken til innbyggjarane, og tilrår at det vert arbeid vidare med å få kommunale vegar inn som del av kostnadsnøklane framover for å sikre kommunane full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulempar.

Nytt strukturkriterium

- I inntektssystemet bør det vere noko større stimulering til å gjennomføre ei strukturreform i kommunal sektor enn det er i dag, og rådmannen støttar difor prinsippa og intensjonane som ligg til grunn for innføringa av eit nytt strukturkriterium.

Regionalpolitiske tilskot

- Masfjorden kommune støttar ikkje framlegget om forenkling og samanslåing av dei regionalpolitiske tilskota, som småkommunetilskotet og distriktstilskot Sør – Noreg, og meiner desse må bestå som i dag.

Skatteelementa:

- Masfjorden kommune er samd i prinsippet om at kommunane bør ha ei viss grad av økonomisk sjølvstende og moglegheit for å behalda ein del av inntekter og verdiar som vert skapt i eige lokalsamfunn. Likevel ser ein at mange av elementa i skattesystemet er sensitive for svingingar og dette kan føra til store variasjonar i inntektene i ein kommune frå år til år, eller mellom kommunar.
- Form for selskapskatt som er skissert innført att frå 2017 meiner Masfjorden kommune er lite hensiktsmessig, og støttar ikkje dette framlegget. Dersom ein vil tilbakeføre ordning med selskapskatt til kommunane tilrår ein at tidlegare modell for selskapskatt vert nytta.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I Kommuneproposisjonen for 2016 vart det varsla at regjeringa vil gjennomføra ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane, og at forslag til nytt inntektssystem skal presenterast i kommuneproposisjonen for 2017. Det vart understreka at gjennomgangen av inntektssystemet skal sjåast i samanheng med kommunereforma.

Høyring

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har så i skriv av 17. desember 2015 sendt forslag til nytt inntektssystem på høyring med frist 1. mars 2016 til å gje uttale på forslaget.

Departementet legg opp til å presentera eit heilskapleg forslag til nytt inntektssystem for kommunane i kommuneproposisjonen 2017, med verknad frå 1.1. 2017. Forslaget som er sendt ut på høyring gir ikkje eit eintydig svar på kva konsekvensane vert for den einskilde kommune, noko som gjer det vanskeleg å få eit fullgodt bilete av konsekvensane av forslaget.

Fakta

Inntektssystemet består av fleire element:

1. innbyggjartilskotet, inkludert
 - a. kostnadsnøkkelen i utgiftsutjamning og
 - b. basiskriteriet
2. dei regionalpolitiske tilskota inkl. småkommunetilskotet
3. dei ulike skatteelementa

I høyringsnotatet vert det gjort greie for konkrete forslag til endringar i pkt 1 og 2.

I tillegg blir tilhøvet mellom kommunane sine skatteinntekter og inntektssystemet drøfta.

Først vert departementet sitt framlegg til endringar i kostnadsnøkkelen presentert, og vidare er dagens kompensasjon for smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon særleg vurdert. I dag får alle kommunar full kompensasjon gjennom basiskriteriet for smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon via kostnadsnøkkelen i utgiftsutjamninga, uavhengig av om deler av desse kostnadane kan sjåast på som frivillige. Etter departementet si vurdering bør ikkje kommunar lenger kompensera fullt ut for slike frivillige smådriftsulemper. Slik vil inntektssystemet bli meir nøytralt i forhold til kommunestruktur. I høyringsnotatet blir det presentert ein modell for eit nytt strukturkriterium, basert på reiseavstandar, med differensiering mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper. Endeleg modell vil bli presentert i kommuneproposisjonen for 2017.

Regionalpolitiske tilskot skal framleis vera ein viktig del av inntektssystemet, og vil vera eit viktig verkemiddel i distriktpolitikken for å oppnå blant anna næringsutvikling og ei god samfunnsutvikling. Regjeringa ønskjer å forenkla tilskotsstrukturen ved at småkommunetilskotet vert samkjørt med dei øvrige regionalpolitiske tilskota, slik at dei i sum vert meir nøytrale i forhold til kommune-samanslutningar.

Skatteinntekter utgjer i dag om lag 40 prosent av kommunesektoren sin samla inntekter. Inntektssystemet består i hovudsak av tre element; fastsetjing av skatten sin del av dei samla inntektene, skattar som skal tilkoma kommunane og graden av utjamning av skatteinntekter mellom kommunane. Innretninga av skatteelementa i inntektssystemet vil vera ei vurdering av balansen mellom omsynet til lokal forankring av inntektene og omsynet til likeverdige tenester. Det vert denne gongen ikkje gjort framlegg om endringar i skatteelementa.

Kommunar som slår seg saman i denne stortingsperioden vil få utrekna inndelingstilskotet med utgangspunkt i inntektssystemet for 2016. I inndelingstilskotet får kommunane behalda basistilskot og eventuelle regionalpolitiske tilskot dei mister som følge av samanslåinga, utan avkorting dei første 15 åra etter samanslåinga, deretter blir tilskotet trappa ned over 5 år.

Den overordna målsetjinga med inntektssystemet er å utjamna dei økonomiske føresetnadane til kommunane. Det betyr ikkje at alle kommunar skal ha like inntekter, men at alle kommunar skal ha same utgangspunkt for å gi innbyggjarane eit likeverdig tenestetilbod.

Kommunesektoren blir finansiert i hovudsak gjennom frie inntekter, dvs. rammetilskot og skatt. Rammefinansiering fører samla sett til den mest treffsikre ressursbruken, er administrativt lite krevjande for både staten og kommunane, og gir rom for lokalt tilpassa løysingar. I tillegg gir rammefinansiering lokale folkevalte eit reelt handlingsrom til å handtera lokale behov.

Når det skal gjerast endringar i inntektssystemet for kommunane, vil dette vera eit «nullsum spel». Dersom nokre skal få meir, er det andre som må få mindre, summen skal heile tida vera «100». I inntektssystemet finst det vidare ein mekanisme for forseinking av store endringar – «INGAR», som sikrar at ingen kommunar i eit einskild år får ei «endring» over eit visst nivå. Det gjer at dersom endringane er store kan det ta to til tre år før effekten er tatt fullt ut. Dette er det ikkje tatt omsyn til i kommentarane i denne saksutgreiinga.

Forslag til ny kostnadsnøkkel i utgiftsutjamninga

Hovuddelen av rammetilskotet til kommunane blir i utgangspunktet fordelt med ein lik sum per innbyggjar gjennom innbyggjartilskotet. Eit viktig prinsipp i inntektssystemet er at kommunane skal få full kompensasjon for utgifter ved tenesteytinga som dei sjølv ikkje kan påverka. Det er til dels store skilnader mellom kommunane i befolkningsamansetjing, geografi og kommunestorleik. Dette fører til variasjonar i kva tenester innbyggjarane har behov for og kva kostnader kommunane har ved å tilby desse tenestene. Målet med utgiftsutjamninga er å utjamna desse skilnadene, og å setja alle kommunar i stand til å tilby innbyggjarane likeverdige og gode kommunale tenester.

Grunnlaget for denne utjamninga er eit sett kostnadsnøklar. Gjennom desse nøklane vert rammetilskotet fordelt med grunnlag i eit statistisk berekna utgiftsbehov for den einskilde kommune, og ikkje dei faktiske utgiftene til kommunane. Det er difor tale om eit tilskot, og ikkje refusjon av faktiske utgifter, og det er opp til kommunen sjølv å forvalte tilskotet på ein fornuftig måte. I utgiftsutjamninga vert det rekna ut delkostnadsnøklar for sektorane grunnskule, barnehage, pleie- og omsorg, helsetenester, barnevern, sosialhjelp og administrasjon/landbruk/miljø.

Det er frå tidlegare lagt opp til at kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga skal oppdaterast om lag kvart fjerde år, og denne revisjonen er ei oppfølging av dette. Departementet har teke utgangspunkt i dagens kostnadsnøklar, utført nye analysar av dei ulike sektorane med eit oppdatert datagrunnlag,

og foreslår i høyringsnotatet endringar i alle delkostnadsnøkklane. Formålet med revisjonen har vore å sjå om dagens modell framleis er den beste til å fanga opp variasjonar i kostnader mellom kommunane, eller om andre modellar er betre.

Det er gjort ein total gjennomgang av kostnadsnøkkelene for berekninga av kommunane sin kostnadsindeks. Kommunar som får ein kostnadsindeks som er høgare enn 100 får tilført ekstra midlar i utgiftsutjamninga. Dei som har kostnadsindeks mindre enn 100 må gje frå seg. Dette er eit «nullsumspel». Kostnadsnøkkelene inneheld eit sett med ulike faktorar som skal vektleiggast og summen av dei skal vere 1,0000. Vekta til basiskriteriet er ikkje bestemt, det vil vere avhengig av kven av dei tre grenseverdiane for strukturkriteriet som vert valt. Det gjer at kostnadsnøkkelene som er lagt fram kan endre seg.

Sidan det berre skal kompensereast for utgifter kommunen sjølv ikkje kan påverka i utgiftsutjamninga, må det setjast strengja krav til kva type kriterium som kan inngå i systemet. Kriteria må vera objektive, basert på offisiell statistikk og dei må vere mogelege å oppdatera jamnleg.

Det blir ikkje føreslege endringar i kva sektorar som blir omfatta av utgiftsutjamninga.

Kriteria i kostnadsnøkkelene kan i grove trekk delast opp i tre grupper;

- alderskriterium
- sosiale kriterium
- strukturelle kriterium

Alderskriterium og sosiale kriterium seier noko om trekk ved befolkninga i kommunane som påverkar etterspørselen etter kommunale tenester. Strukturelle kriterium seier noko om variasjonar i kostnadstilhøve ved kommunen som kan forklara delar av variasjonen i kommunane sine utgifter, som kommunestorleik og busetjingsmønster.

Departementet har gjort oppdaterte analysar av alle kostnadsnøkklane og det blir foreslått endringar i alle nøklane, oppsummert slik:

- Grunnskule:
Kriteriet norskfødde 6-15 år med innvandrarforeldre (ekskl. Skandinavia) blir teke ut.
- Pleie og omsorg:
Ingen endringar i sjølve kriteria, men endring av vektorer. Innbyggjarar 0-66 år vert vekta opp, medan innbyggjarar 90 år og eldre og psykisk utviklingshemma 16 år og eldre vert vekta ned. Nedvektinga av psykisk utviklingshemma vil også røra ved toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester.
- Barnehagar:
Inga endring i kriterium. Det er skissert ein alternativ modell der utdanningskriteriet blir erstatta med tal heiltidstilsette 20-44 år. Denne modellen har noko lågare forklaringskraft, men blir vurdert som eit godt alternativ.
- Kommunehelse:
Det blir lagt større vekt på kriteriet innbyggjarar 67 år og over samstundes som kriteriet for dødsfrekvens blir teke ut.
- Barnevern:
Ingen endringar i kriterium. Større vekt på kriteriet barn 0-15 år med einsleg forsørgjar og personar med låg inntekt, medan innbyggjarar 0-22 år får mindre vekt.
- Sosialhjelp:
Urbanitetskriteriet blir erstatta med kriteriet aleinebuarar 30-66 år. Dette gjer også at vektinga mellom kriteria blir endra.
- Landbruk:
Kriteriet areal dyrka mark går ut. Kriteriet tal jordbruksbedrifter vekta monaleg opp.
- Administrasjon:
Inga endring i kriterium.

Endring i kompensasjon for smådriftsulemper i utgiftsutjamninga

Departementet tek sikte på å innføra ein modell der det vert skilt mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon og administrasjon gjennom eit nytt strukturkriterium som seier noko om reiseavstandar. I dette ligg det at dess større avstandane er, dess meir er smådriftsulempene å forstå som ufrivillige - og dess høgare bør kompensasjonen vere. Det betyr at kommunar som er ufrivillig små, på grunn av store reiseavstandar, framleis vil motta full kompensasjon. Kommunar som frivillig er små vil ikkje lenger motta full kompensasjon for smådriftsulemper gjennom utgiftsutjamninga.

I dagens inntektssystem er det lagt til grunn at alle smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon er ein ufrivillig kostnad. Dagens kompensasjon for smådriftsulemper på kommunenivå er ein del av kostnadsnøkkelen, og vert tildelt gjennom basiskriteriet. Det vert gjeve for å dekke opp for kommunen sine administrative kostnader med det å vere ein eigen kommune. Basiskriteriet har verdien éin for alle kommunar, og utgjør ca kr 13,2 mill. Det vil seia at små kommunar får ein vesentleg høgare sum per innbyggjar enn større kommunar.

Etter departementet si vurdering bør desse smådriftsulempene ikkje lenger kompenseras fullt ut og vera like per kommune. Inntektssystemet bør vera mest mogeleg nøytralt i høve til kommunestruktur. For å differensiera kompensasjonen for smådriftsulemper mellom kommunane, foreslår departementet å innføra ein modell med gradering av basiskriteriet ved hjelp av dette nye strukturkriteriet.

Kriteriet er tenkt oppbygd slik:

- Kommunane vert delt opp i 12.000 grunnkretsar.
- Alle innbyggjarane i ein grunnkrets vert flytta til den staden i sin grunnkrets der det bur flest personar.
- Deretter ser ein på kor langt innbyggjarane i ein grunnkrets må reisa for å møta minst 5.000 innbyggjarar – innanfor eller utanfor eigen kommune.
- Kommunen sitt strukturkriterium er gjennomsnittet for alle grunnkretsane i kommunen.

Forslaget vil føra til at kommunane får eit basistilskot på mellom 0 og ca 13,2 mill. kroner avhengig av storleiken på strukturkriteriet. Departementet vurderer alternative grenseverdier på 25,4 km, 16,5 km eller 13,3 km for kor lang reiselengde som tilseier full kompensasjon. Kommunar med kortare reiselengda enn dette vil få ein høvesvis reduksjon. Ein kommune som har ei reiselengd som er halvparten av grenseverdien, vil som utgangspunkt få halvert basistilskotet.

Departementet sitt forslag til endringar i kompensasjonen for smådriftsulemper i utgiftsutjevninga er:

1. *Smådriftsulemper til tenester vil fortsatt kompenseras fullt ut.*
2. *Smådriftsulemper på kommunenivå vil ikkje lenger bli sett på som en fullt ut ufrivillig kostnad, og blir dermed ikkje kompensert fullt ut for alle kommunar.*
3. *Strukturkriteriet vert nytta for å skilje mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper, og graden av frivillighet.*
4. *Ved hjelp av strukturkriteriet vert kompensasjonen differensiert for smådriftsulemper i utgiftsutjevninga for kommunane.*

Endelig utforming av en slik modell blir presentert i kommuneproposisjonen for 2017. I høringsrunden ønskes det innspel og kommentarar til innretninga på denne modellen, og den prinsipielle vurderinga av om alle smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon bør kompenseras fullt ut gjennom utgiftsutjevninga i inntektssystemet.

Endringar i dei regionalpolitiske tilskot

I dagens inntektssystem er fem tilskot regionalpolitisk begrunna:

- småkommunetilskotet
- Distriktstilskot Sør-Norge,
- Nord-Norge- og Namdalstilskotet
- Veksttilskotet
- Storbytilskotet.

Totalt utgjer desse tilskota om lag 3,1 prosent av det totale rammetilskotet til kommunane, men for nokre kommunar utgjer tilskota ein monaleg større del.

For å forenkla tilskotsstrukturen foreslår regjeringa å slå saman småkommunetilskotet, Distriktstilskot Sør-Noreg og Nord-Noreg- og Namdalstilskot til to nye tilskot, eitt for Nord-Noreg og eitt for Sør-Noreg. Småkommunetilskotet blir foreslått vidareført innanfor dei to nye tilskota, som eit eige småkommunetillegg. Det blir foreslått å knyta dette småkommunetillegg tettare opp til distriktpolitikken enn dagens småkommunetilskot, ved at satsane på tillegget blir differensierte med distriktsindeksen. På den måten blir også graden av distriktsutfordringar, og ikkje berre innbyggjartal, avgjerande for storleiken på småkommunetillegget.

Det er i høyringsnotatet ikkje fremja eit konkret forslag til korleis småkommunetillegg skal utformast, utover at distriktsindeksen vil bli nytta for å gradera dette. Det er grunn til å tru at kommunane med lågast distriktsindeks i utgangspunktet kan forventast eit tilskot på nivå med dagens småkommunetilskot. Kommunar med høgare distriktsindeks kan oppleve lågare tilskot, og for kommunane med høgare indeks kan heile småkommunetilskotet falle bort. Merk at kommunar med stort areal med relativt få innbyggjarar har låg distriktsindeks.

7.4 Distriktsindeksen 2015 per kommune sortert fylkesvis

Distriktsindeksen 2015 inkl. trunkerte og vektete enkeltindikatorer

Kommunenavn	Geografi			Demografi			Arbeidsmarked		Leve- kår	Distrikts- indeks 2015
	NIBR 11	Reisetid til Oslo	Befolknings- tetthet	Befolknings- vekst	Kvinne- andel	Eldre- andel	Sysselsettings- vekst	Andel yrkesaktive	Inntekt	
1266 Masfjorden	12	2	0	7	1	0	6	10	7	45,1

Forslaget skisserer samtidig ei endra innretning slik at meir av tilskota vil verta fordelt per innbyggjar og mindre per kommune. Dette vil slå negativt ut for kommunane med lågast folketal.

Departementet peikar på at småkommunetilskotet, som vert gjeve som eit fast beløp per kommune, ikkje er nøytralt i høve til kommunesamanslutningar, og tilrår eit alternativ som i større grad er basert på talet på innbyggjarar og i mindre grad vert tildelt som ein fast sum per kommune.

Sjølv om kommunane blir kompensert for kommunesamanslutningar gjennom inndelingstilskotet kan det svekkja insentiva til samanslutningar dersom småkommunetilskotet og dei andre regionalpolitiske tilskot er for gode. Dei regionalpolitiske elementa i systemet bør også få ei klårare grunngeving og forankring i regionalpolitikken.

Som eit alternativ til skisserer departementet ein modell der småkommunetilskotet vert graderte ut frå verdi på strukturkriteriet. Ei slik innretning inneber at kommunar som har spreidd busetnad i større grad blir skjerma enn kommunar i tettbygde område. På den andre sida kan ei slik innretning verta for likt strukturkriteriet.

Departementet seier at med deira forslag til endringar i dei regionalpolitiske tilskota vil kommunar i Nord-Noreg og små kommunar i hele landet framleis ha eit betydeleg høgare inntektsnivå enn andre kommunar. Fordelingsprofilen i regionalpolitikken i inntektssystemet vil i hovudsak vera som i dag, sjølv om småkommunetillegget vert knytt til distriktsindeksen. Retninga i politikken er ei forsiktig

dreining der meir vert knytt til reelle distriktsutfordringar og mindre til storleiken på kommunen.

Vekstkommunetilskotet vert gjeve til kommunar med ein årleg befolkningstilvekst på meir enn 1,6 prosent. Det blir ikkje foreslått endringar i dette tilskotet, men det blir vist til at departementet vil vurdera om veksttilskotet skal innlemmast i inndelingstilskotet til nye kommunar etter ei kommunesamanslåing..

Departementet sitt forslag til endringar er slik:

5. *Nord-Norge- og Namdalstilskotet vert vidareført, og vert slått saman med småkommunetilskotet for disse kommunane til et nytt Nord-Norgetilskudd.*
6. *Distriktstilskot Sør-Norge og småkommunetilskotet for kommunane i Sør-Norge slås samen til eit nytt Sør-Norgetilskot.*
7. *Småkommunetilskotet vert vidareført som eit eige småkommunetillegg innanfor dei to tilskota; Nord-Norgetilskotet og Sør-Norgetilskotet.*
8. *Satsene på småkommunetillegget vert differensiert i forhold til kommunen sin verdi på distriktsindeksen, slik at tilskotet vert gradert etter denne på same måte som satsane innanfor dagens Distriktstilskot Sør-Norge.*
9. *Det vil bli gjort justeringar i tilskota slik at meir enn i dag vert fordelt per innbyggjar.*

Forslag til satsar for de nye tilskota vil bli lagt fram i kommuneproposisjonen for 2017. Samla bevilling for tilskota vil bli bestemt i forbindelse med de årlige budsjettprosessane.

Skatt og skatteutjamning

Departementet gjev i høyringsnotatet ei skildring av dagens system for skatt og skatteutjamning.

Eit av prinsippa for finansieringa av kommunesektoren er omsynet til det lokale sjølvstyret. Dette inneber at kommunesektoren bør ha økonomisk sjølvstende og høve til å behalda ein del av inntekter og verdiar som blir skapt i eige lokalsamfunn. Dette tilseier at ein del av inntektene bør koma frå lokale skattar. Eit anna prinsipp er at kommunane skal setjast i stand til å gje likeverdige tenester til innbyggjarane sine, noko som tilseier at det ikkje bør vera for store forskjellar i inntekter mellom kommunane. I skatteelementa i inntektssystemet blir det teke omsyn til begge prinsipp.

Desse mekanismane regulerer fordelinga av skatteinntekter mellom kommunane er:

Kva skattar kommunane får behalda ein del av, kor stor del skatteinntektene utgjer av dei samla inntektene og i kor stor grad skatteinntektene blir utjamna mellom kommunane.

Skatteinntektene til kommunane omfattar i dag skatt på inntekt og formue frå personlege skattytarar, naturressursskatt frå kraftselskap, eigedomsskatt og andre produksjonsskattar, dvs. konsesjonsavgift som blir betalt til kommunar som er rørt av vasskraftutbygging eller -regulering. Det vert ikkje fremja konkrete framlegg til endringar i dagens modell, men vist til at skattedel og graden av skatteutjamning vert fastsett kvart år i samband med kommuneopplegget i statsbudsjettet.

Frå og med 2017 vil kommunane få tilført inntekter via ein ny modell for selskapsskatt. Denne modellen er basert på vekst i lokal verdiskaping, og skal gi kommunane eit sterkare insentiv til å leggja til rette for næringsutvikling. Samstundes vil deler av verdiskapinga verta ført tilbake til lokalsamfunnet. Kommunar med vekst i lønssummen i privat næringsverksemd over ein periode på fire år, vil motta ein del av den nye selskapsskatten. Den nye selskapsskatten skal inngå i skatteutjamninga. Departementet kjem tilbake til selskapsskatten i kommuneproposisjonen for 2017.

Forslag til ny kostnadsnøkkel i utgiftsutjamninga

Noverande kostnadsnøklar og som inngår som delgrunnlag for kommunen sitt rammetilskot 2016

	HELE LANDET		MASFJORDEN			Bruk av folketall 1.7.2015	
	Vekt	Antall	Antall	Utgifts- behovs- indeks	Pst. utslag	Tillegg/ fradrag i utgiftsutj kr per innb	1000 kr
0-1 år	0,0055	119 434	37	0,94072	-0,03 %	-16	-27
2-5 år	0,1268	252 867	78	0,93667	-0,80 %	-386	-660
6-15 år	0,2880	624 443	194	0,94340	-1,63 %	-784	-1 340
16-22 år	0,0210	463 560	173	1,13325	0,28 %	135	230
23-66 år	0,0938	2 994 310	873	0,88532	-1,08 %	-517	-884
67-79 år	0,0453	514 829	206	1,21504	0,97 %	469	801
80-89 år	0,0693	176 493	116	1,99579	6,90 %	3 319	5 672
over 90 år	0,0464	43 584	32	2,22950	5,70 %	2 744	4 689
Basistillegg	0,0226	428	1	7,09482	13,77 %	6 625	11 322
Sone	0,0132	20 423 994	29 167	4,33640	4,40 %	2 118	3 620
Nabo	0,0132	9 255 496	13 231	4,34097	4,41 %	2 121	3 625
Landbrukskriterium	0,0029	1	0	3,79986	0,81 %	391	667
Innvandrere 6-15 år ekskl Skand	0,0083	43 501	3	0,20941	-0,66 %	-316	-539
Norskfødte med innv foreld 6-15 år ekskl Skand	0,0009	43 136	0	0,00000	-0,09 %	-43	-74
Flyktninger uten integreringstillegg	0,0047	137 550	2	0,03311	-0,45 %	-219	-374
Dødlighet	0,0460	31 327	8	0,77545	-1,03 %	-497	-849
Barn 0-15 med enslige forsørger	0,0115	130 341	26	0,60573	-0,45 %	-218	-373
Lavinntekt	0,0062	240 864	40	0,50428	-0,31 %	-148	-253
Uføre 18-49 år	0,0046	87 649	13	0,45038	-0,25 %	-122	-208
Opphopningsindeks	0,0139	208	0	0,05635	-1,31 %	-631	-1 078
Urbanitetskriterium	0,0177	44 631 326	7 547	0,51346	-0,86 %	-414	-708
PU over 16 år	0,0461	18 564	8	1,30859	1,42 %	684	1 169
Ikke-gifte 67 år og over	0,0437	328 412	153	1,41468	1,81 %	872	1 490
Barn 1 år uten kontantstøtte	0,0296	39 202	19	1,43919	1,30 %	625	1 069
Innbyggere med høyere utdann	0,0188	1 241 076	238	0,58232	-0,79 %	-378	-645
1 Kostnadsindeks	1,0000			1,32048	32,05 %	15 414	26 343
(Tillegg/trekk kr pr innb.)						Alle tall i 1000 kr	
2 Tillegg/trekk (omfordeling) for kommunen i 1000 kr						26 343	
3 Nto.virkn. statl/priv. skoler						688	
4 Sum utgiftsutj. mm (2+3)						27 030	
Gjennomsnittlig beregnet utgiftsbehov i kr pr innbygger:						48 097	

Berekingar frå KS basert på departementet sitt framlegg til nye kostnadsnøklar viser at Masfjorden kommune som følgje av endringane vil få ein reduksjon i rammetilskotet på om lag kr 1,45 mill., og skil seg litt frå eigne utrekninga;

-27	-27	-0	0-1 år	
-660	-752	-92	2-5 år	
-1 340	-1 237	102	6-15 år	
230	255	25	16-22 år	
-884	-1 038	-154	23-66 år	
801	970	170	67-79 år	
5 671	6 236	565	80-89 år	
4 688	3 880	-808	over 90 år	-193
11 320	12 221	902	Basistillegg	902
3 619	2 769	-850	Sone	
3 624	2 773	-851	Nabo	-1 701
667	506	-161	Landbrukskriterium	
-539	-461	78	Innvandrere 6-15 år ekskl Skandinavia Norskfødte med innv foreld 6-15 år ekskl Skand	
-74	0	74		
-373	-604	-230	Flyktninger uten integreringstilskudd	
-849	-840	9	Dødlighet	
-373	-515	-143	Barn 0-15 med enslige forsørgere	
-253	-403	-151	Lavinntekt	
-208	-262	-54	Uføre 18-49 år	
-1 078	-667	411	Opphopningsindeks	
-708	0	708	Urbanitetskriterium	
1 169	860	-309	PU over 16 år	
1 489	1 551	61	Ikke-gifte 67 år og over	
1 068	639	-430	Barn 1 år uten kontantstøtte	
-645	-666	-21	Innbyggere med høyere utdanning	-157
26 338		-1 150		

1 kolonne viser netto utjamning pr. 2016 (noverande ordning - inntektssystem), kolonne 2 viser konsekvensar av forslag til nye kostnadsnøklar, medan kolonne 3 syner netto differansen og effekten av endringsframlegget, obs basistilskot som får ei omlegging. Masfjorden taper på avstandskriteria sone og nabo og for dei over 90 år.

Det er likevel ikkje grunn til å vektlegge ein slik berekna reduksjon i inntekter i høyringssvaret.

Det er fleire grunnar til dette:

1. Endring i kostnadsnøkklane er statistiske utrekningar som vert gjort for å fordela rammetilskotet mellom kommunane ut frå det faktiske utgiftsbehovet.
2. Berekningsmodellane er basert på statistiske analyser for å testa kva modell som treff best i høve til faktisk behov, og dei er i svært liten grad politisk grunngevrne.
3. At Masfjorden kommune kjem dårlegare ut er difor eit resultat av ei berekning som betre skal treffe kommunane sine faktiske utgiftsbehov.
4. Grunnlaget for berekningane er Kostra-tal for 2014, medan dei endeleg fordelingane i neste statsbudsjett (for 2017) vil vere basert på Kostra-tal for 2015, som kan vise ei anna fordeling enn det som dei foreløpige berekningane viser. Vi veit dermed enno ikkje om utslaga vert slik KS har berekna.
5. Endring på i overkant av 1 mill er godt innanfor det vi må rekna med i variasjonar i rammetilskot frå eit år til neste som følgje av dei årlege endringar av kostnadsnøklar og andre grunnlagsdata i inntektssystemet.

Ein registrerer ein klar trend ved revisjonar og endring i inntektssystemet at faktorar som går på distrikt og avstandar at desse vert samla sett justert ned, medan folketal og vekstområder vert prioritert opp. Tabellen med synleggjering av konsekvensar av nye kostnadsnøklar dokumenterer dette greitt.

Forslag til endring i kompensasjon for smådriftsulemper i utgiftsutjamninga (nytt strukturkriterium)

I motsetnad til endring i kostnadsnøklar som er basert på tekniske og statistiske berekningar er innføring av eit nytt strukturkriterium i større grad eit politisk val, knytt til korleis ein meiner dei distriktpolitiske verkemiddel i inntektssystemet skal vere. Departementet er og tydeleg på målsetjinga ved innføring av eit slikt kriterium. Det skal støtte opp om kommunereformarbeidet ved å redusere rammeoverføringane noko til kommunar som er frivillige små. Dei kommunar som er ufrivillig små grunna geografiske tilhøve og busetjingsmønster som gjer at dei vanskeleg kan ha mange innbyggjarar, skal framleis ha eit inntektsnivå på dagens nivå.

Strukturkriteriet beskriv gjennomsnittleg reiseavstand per innbyggjar i ein kommune for å nå eit bestemt tal personar (5000), uavhengig av kommunegrensa. Bakgrunn for grensa på 5.000 er basert på forskning som viser at det i hovudsak er kommunar med færre enn 5000 innbyggjarar som har smådriftsulemper knytta til lågt innbyggjartal. Ein tek utgangspunkt i dei definerte grunnkretsane i den einkilde kommune (Masfjorden er delt inn i 11 grunnkretsar, Risnes, Sleire, Hosteland, Molland, Solheim, Haugsvær, Matre, Haugsdal, Andvik, Sandnes og Kvingo). Det er lansert 3 ulike nivå, basert på grenseverdi 25,4, 16,5 og 13,3 km. Masfjorden har ein verdi på 31,8 km jf. høyringsnotatet, og vert med det derfinert som ufrivillig små, og vil få behalde basistilskot som i dag.

Vurdering av forslag til endringar i dei regionalpolitiske tilskota

Masfjorden kommune mottek i dag småkommunetilskot med ca. 5,5 mill.kr. som del av dei regionalpolitiske tilskota. Småkommunetilskotet kom inn som del av rammetilskotet i samband med revidering av inntektssystemet i 1997 (Rattsø), og vert gitt til kommunar med inntil 3.200 innbyggjarar og med gjennomsnittleg skatteinntekter dei siste 3 åra som er lågare enn 120% av landsgjennomsnittet – målt per innbyggjar. Masfjorden har vore tett på denne grensa, m.a. eit år låg vi på 119,9% av landsgjennomsnittet, og framleis i reell fare for å miste småkommunetilskotet. Departementet føreslår at småkommunetilskotet skal sjåast i samanheng med distriktstilskotet sør-Noreg, og dette er eit forhold som Masfjorden er i mot.

Tabell 6.1 Distriktstilskudd Sør-Norge, 2016

Indeks	Sats per kommune (1 000 kr)	Sats per innbygger (kroner)
0-35	3 487	693
36-38	2 366	556
39-41	1 777	416
42-44	1 185	279
45-46	593	140

Samordning småkommune og distriktstilskot sør Norge er eit obs forhold for Masfjorden, rask utvikling frå indeks på 16 og auke siste 10 år til over 45, og stor fare for at ein kjem over 46, og dermed 0 i dei regionalpolitiske tilskota.

Masfjorden har ein distriktsindeks pr. 2015 på 45,1, medan ein i 2006 låg på ein indeks med 16. Ei samordning av distriktstilskot sør-Noreg med småkommunetilskot innber med stor sannsynlegheit at ein står med kr. 0 i regionalpolitisk tilskot frå 2017. Masfjorden tilrår difor at småkommunetilskotet vert vidareført i sin noverande form, og ikkje samordna med distriktstilskot Sør-Noreg.

Vurderingar av skatt og skatteutjamning

Rådmannen har ikkje vesentlege merknader til det som går fram av utgreiinga i høyringsnotatet med omsyn til skatt og skatteutjamning. For Masfjorden sin del inngår naturressursskatten som del av skatteinngangen, og Masfjorden har såleis ein høgare skatteinngang enn gjennomsnittet, og vil tene på at skatteandel av dei frie inntektene vert auka opp. Når det gjeld gjeninnføring av selskapsskatt som del av kommunen sine inntekter, har ein liten sans for den form denne har fått/skissert, og

meiner denne form for selskapsskatt kan departementet med fordel leggje vekk. Skal kommunane få selskapsskatt bør den ha same innretning som den hadde før den vart fjerna sist.

Uttale/konklusjon:

Basert på dei føregående vurderingane vil rådmannen oppsummera med følgjande merknader frå Masfjorden kommune til forslaget til nytt inntektssystem:

Generelt

Masfjorden kommune meiner at totalverknadene av endringane i forslag til nytt inntektssystem for kommunane gir ei uheldig omfordeling av inntekter frå distrikt og mindre kommunar til dei aller største og sentrale byområder og forsterkar sentraliseringa.

Ein meiner det er uheldig med eit høyringsnotat som i liten grad synleggjer konsekvensar av dei ulike vurderingane/forslaga som departementet kjem med, og at for mykje fell inn under «dette vil departementet komme nærare attende til i Kommuneproposisjonen for 2017», og dette medfører at kommunane reelt ikkje har føreseielege økonomiske rammer, noko som er spesielt uheldig i ein fase med innspurt på kommunereformarbeidet for kommunane.

Kostnadsnøklar

- Det er viktig med føreseielege rammer for kommunane. Ei oppdatering av kostnadsnøkane kvart fjerde år meiner ein er dekkande og bør gjennomførast som ei fast norm
- Masfjorden kommune er i mot endringa som går på distrikt og avstandar, og meiner at sone- og nabokriteriet vert vekta for mykje ned, noko som har skjedd gradvis ved tidlegare endringa av inntektssystemet og.
- Kommunen har dei seinare åra opplevd ei sterk auke i utgifter til m.a. spesialundervisning, ressurskrevjande brukarar. Departementet har i lita grad å funne forklaringsfaktorar bak denne veksten. For å oppnå eit inntektssystem med full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulemper må departementet prioritera å identifisera statistisk forklaringsfaktorar for alle kostnadsnøkane.
- Masfjorden er ueinig i departementet sin argumentasjon for å utelata kommunale vegar frå utgiftsutjamninga. Dei kommunale vegane er ein viktig del av infrastrukturen i landet og opne vegar året rundt er viktig for å sikra velferdstenestene, livskvalitet og tryggleiken til innbyggjarane, og tilrår at det vert arbeid vidare med å få kommunale vegar inn som del av kostnadsnøkane framover for å sikre kommunane full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulemper.

Nytt strukturkriterium

- I inntektssystemet bør det vere noko større stimulering til å gjennomføre ei strukturreform i kommunal sektor enn det er i dag, og rådmannen støttar difor prinsippa og intensjonane som ligg til grunn for innføringa av eit nytt strukturkriterium.

Regionalpolitiske tilskot

- Rådmannen støttar ikkje framlegget om forenkling og samanslåing av dei regionalpolitiske tilskota, som småkommunetilskotet og distriktstilskot Sør – Noreg, og meiner desse må bestå som i dag.

Skatteelementa:

- Rådmannen er samd i prinsippet om at kommunane bør ha ei viss grad av økonomisk sjølvstende og moglegheit for å behalda ein del av inntekter og verdiar som vert skapt i eige lokalsamfunn. Likevel ser ein at mange av elementa i skattesystemet er sensitive for svingingar og dette kan føra til store variasjonar i inntektene i ein kommune frå år til år, eller mellom kommunar.
- Form for selskapsskatt som er skissert innført att frå 2017 meiner Masfjorden kommune er lite hensiktsmessig, og støttar ikkje dette framlegget. Dersom ein vil tilbakeføre ordning med selskapsskatt til kommunane tilrår ein at tidlegare modell for selskapsskatt vert nytta.

Kommunestyret - 011/2016

KS - behandling:

Ordfører Karstein Totland orienterte kort. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune har følgjande uttale til forslag nytt inntektssystem for kommunane:

Generelt

Masfjorden kommune meiner at totalverknadene av endringane i forslag til nytt inntektssystem for kommunane gir ei uheldig omfordeling av inntekter frå distrikt og mindre kommunar til dei aller største og sentrale byområder og forsterkar sentraliseringa.

Ein meiner vidare at det er uheldig med eit høyringsnotat som i liten grad synleggjer konsekvensar av dei ulike vurderingane/forslaga som departementet kjem med, og at for mykje fell inn under «dette vil departementet komme nærare attende til i Kommuneproposisjonen for 2017», og dette medfører at kommunane reelt ikkje har føreseielege økonomiske rammer, noko som er spesielt uheldig i ein fase med innsputt på kommunereformarbeidet for kommunane.

Kostnadsnøklar

- Det er viktig med føreseielege rammer for kommunane. Ei oppdatering av kostnadsnøklane kvart fjerde år meiner ein er dekkande og bør gjennomførast som ei fast norm
- Masfjorden kommune er i mot endringa som går på distrikt og avstandar, og meiner at sone- og nabokriteriet vert vekta for mykje ned, noko som har skjedd gradvis ved tidlegare endringa av inntektssystemet og.
- Kommunen har dei seinare åra opplevd ei sterk auke i utgifter til m.a. spesialundervisning, ressurskrevjande brukarar. Departementet har i lita grad å funne forklaringsfaktorar bak denne veksten. For å oppnå eit inntektssystem med full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulemper må departementet prioritera å identifisera statistisk forklaringsfaktorar for alle kostnadsnøklane.
- Masfjorden er ueinig i departementet sin argumentasjon for å utelata kommunale vegar frå utgiftsutjamninga. Dei kommunale vegane er ein viktig del av infrastrukturen i landet og opne vegar året rundt er viktig for å sikra velferdstenestene, livskvalitet og tryggleiken til innbyggjarane, og tilrår at det vert arbeid vidare med å få kommunale vegar inn som del av kostnadsnøklane framover for å sikre kommunane full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulemper.

Nytt strukturkriterium

- I inntektssystemet bør det vere noko større stimulering til å gjennomføre ei strukturreform i kommunal sektor enn det er i dag, og rådmannen støttar difor prinsippa og intensjonane som ligg til grunn for innføringa av eit nytt strukturkriterium.

Regionalpolitiske tilskot

- Masfjorden kommune støttar ikkje framlegget om forenkling og samanslåing av dei regionalpolitiske tilskota, som småkommunetilskotet og distriktstilskot Sør – Noreg, og meiner desse må bestå som i dag.

Skatteelementa:

- Masfjorden kommune er samd i prinsippet om at kommunane bør ha ei viss grad av økonomisk sjølvstende og moglegheit for å behalda ein del av inntekter og verdiar som vert skapt i eige lokalsamfunn. Likevel ser ein at mange av elementa i skattesystemet er sensitive for svingingar og dette kan føra til store variasjonar i inntektene i ein kommune frå år til år, eller mellom kommunar.
- Form for selskapskatt som er skissert innført att frå 2017 meiner Masfjorden kommune er lite hensiktmessig, og støttar ikkje dette framlegget. Dersom ein vil tilbakeføre ordning med selskapskatt til kommunane tilrår ein at tidlegare modell for selskapskatt vert nytta.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand		16/20

Saknr	Utval	Type	Dato
012/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Val av representat og vararepresentant til styret i Museum Vest

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Som styremedlem i styret for Museum Vest vert vald Birger Wergeland. Som varamedlem vert vald Sigmund Vikane. Valet gjeld for 4 år.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn/Fakta

Bjørn West-museet gjekk inn i organisasjonen Museum Vest frå 01.01.2016. Masfjorden kommune har då rett til å sitja i styret til Museum Vest.

Kommunestyret valde i møtet 10. desember 2015 Birger Wergeland til å vera Masfjorden kommune sin representant i styret for Stiftinga Bjørn West-museet med Hildegunn Bjånes som vara. På styremøtet i Stiftinga Bjørn West-museet 16. februar vart Birger Wergeland vald til styreleiar i stiftinga, med Sigmund Vikane frå Modalen som nestleiar.

Saka om representasjon i styret i Museum Vest vart drøfta på same møtet. Følgjande vedtak vart gjort: «Styreleder velges til å representere Stiftelsen BWM i stiftelsen Museum Vest. Nestleder velges som vara. (...) Styret ber Masfjorden kommune la styreleder og vara i Stiftelsen være representant i Stiftelsen Museum Vest».

Vurdering

Det går ikkje fram av samarbeidsavtalen mellom Masfjorden kommune og Museum Vest om det er Stiftinga Bjørn West-museet eller Masfjorden kommune som skal vera representert i styret for Museum Vest. Kommunestyret har vald ein medlem til styret i Stiftinga Bjørn West-museet. Vedkomande er også vald til styreleiar i stiftinga. Rådmannen vurderer det slik at den valde representanten frå Masfjorden kommune til styret i Bjørn West-museet også bør vera styremedlem i Museum Vest.

Spørsmålet er om nestleiar i styret for Stiftinga Bjørn West-museet bør vera vararepresentant til styret for Museum Vest eller om det bør vera kommunen sin vararepresentant i styret for Stiftinga Bjørn West-museet som skal ha denne rolla.

Konklusjon

Rådmannen støttar seg til vedtaket frå styret i Stiftinga Bjørn West-museet og går inn for at styreleiar der, Birger Wergeland, vert vald som styremedlem i Museum Vest og at nestleiar i styret for Stiftinga Bjørn West-museet, Sigmund Vikane, vert vald til varamedlem.

Kommunestyret - 012/2016

KS - behandling:

Jon Hope (KrF) melde seg inhabil og forlot møtet. Hope vart samrøystes vedteke inhabil.

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Oppvekstleiar Alf Strand orienterte om saka.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke (16 røyster)

KS - vedtak:

Som styremedlem i styret for Museum Vest vert vald Birger Wergeland. Som varamedlem vert vald Sigmund Vikane. Valet gjeld for 4 år.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyremøte den 24.02.2016 vert vitna:

Karstein Totland	Ragnvald Tangedal	Siri Tangedal Kratzmeier
Ordfører	Kommunestyremedlem	kommunestyremedlem